

## **Høyring om ordning for utpeiking av biskopar**

Bryne sokneråd - i møte 16.02.2017- går inn for at biskopar i Den norske kyrkja bør bli utpeika gjennom valg, slik det framgår av kapittel 6.2 i høyringsnotatet.

Grunnjeving:

Valg av biskop er mest i tråd med ordninga i lutherske kyrkjer i Norden og elles. Det inneber at biskopen får eit breitt mandat bak seg gjennom ei valgordning som sikrar støtte i frå minst 50% av avgitte stemmer. Bryne sokneråd ser dette som mest demokratisk og som eit mindre radikalt forslag enn å etablera eit eige tilsettingsorgan. Vi trur også at ei valgordning vil gje det lettare for kandidatar å stilla seg til disposisjon for nominasjon, ei forbetring som trengs i forhold til situasjonen i dag. Mellom anna er det svært mange kvinner som takkar nei til nominasjon.

For soknerådet er det også viktig at ein vald biskop, med 2/3 stemmetalsvekt frå eige bispedømme, synleggjer og støttar at kyrkja blir til og må byggjast nedanfrå gjennom lokalt engasjement og tilsyn bygd på tillit gjennom valg.

Ei valgordning gjev biskopen ei uavhengig stilling og legg i større grad den demokratiske debatten til arbeidet som rådsstrukturen i kyrkja skal utføra. Om sentrale organ som Kirkerådet eller eit eige tilsetjingsorgan har endeleg ansvar for heilhetskyrkjelege omsyn, vil dei ha eit forklarings- og tolkingsproblem når dei utnemner ein annan enn den som har best stemmetall, noko som vanskeleg kan reknast som demokratisk.

Bispedømmene i Norge er så ulike at det sikrar ei god og riktig breidde i bispekollegiet gjennom ei valgordning. Det trengs neppe meir heilhetskyrkjelege omsyn enn det som er lagt inn i nominasjons- og valgprosessen. For kyrkja si framtid er biskopen si lokale forankring viktigast. Derfor bør han eller ho utpeikast gjennom valg.